



DEN NORSKE KYRKJA
ODDA PRESTEGJELD
POSTBOKS 397
5751 ODDA

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
.0030 OSLO

Odda, 29.11.06

dot 186

Saksnummer	
200605811	
Dato 01.12.06	
Kode	Beh
Ki	SO

Dykkar ref:

Vår ref.:

Sakshandsamar

Jnr. / 2006 Arkiv nr 300

Høringsuttale NOU 2006: 2 Staten og Den norske kyrkje

Vedlagd følger høyringsuttale til NOU 2006: 2 Staten og Den norske kyrkje, frå Odda kyrkjelege fellesråd og Odda sokneråd.

Med helsing

Rannveig Børve

Rannveig Børve

Kyrkjeverje, Odda kyrkjelege fellesråd

Tilhøvet mellom staten og Den norske kyrkja

Høyringsfråsegn frå Odda kyrkjelege fellesråd 14.11.06

9 fellesrådsmedlemmer frå Odda kyrkjelege fellesråd står bak høyringssvaret. Fellesrådet er delt i synet på om statskyrkjeordninga skal vidareførast eller reformerast.

1. Kva for overordna prinsipp bør ligge til grunn for trus- og livssynspolitikken?

Dei overordna prinsippa i trus- og livssynspolitikken bør vere:

- Full religions- og livssynsfridom, der ein respekterer internasjonale menneskerettstraktatar og den norske grunnlova frå 1964. Dette inneber rett til å ha den trua ein vil, rett til å gje uttrykk for trua privat og offentleg, rett til ikkje å verte diskriminert på grunn av tru, rett til å skifte tru og til ikkje å ha tru.
- Likehandsaming av, og forståing mellom, trus- og livssynssamfunn.
- Staten skal sikre ei tilstrekkeleg finansiering til dei ulike trus- og livssynsamfunna.

2. Den norske kyrkje som statskyrkje:

Odda kyrkjelege fellesråd er delt i synet på om Den norske kyrkja som statskyrkje bør fortsette eller avviklast.

Fleirtalet meiner at statskyrkjeordninga bør vidareførast. Eit argument er at dette er den beste garantien for å sikre ei open, inkluderande, landsdekkande og likestilt folkekyrkje i heile Noreg. Ein meiner at gjeldande ordning gjev rom for ulike teologiske syn, og dermed sikrar breidda og mangfaldet i kyrkja. Statskyrkja er ein viktig kultur- og tradisjonsberar, og opprettheld nærleiken og samspelet mellom religionsutøving og lokale myndigheiter.

Mindretalet meiner at Den norske kyrkja som statskyrkje bør avviklast. Eit argumentet for dette er at dette er med å understreke religionsfridomen. Grunnlova bør endrast for at nasjonen skal kunne ivareta prinsippet om full religions- og livssynsfridom. § 2, andre lekk i Grunnlova bør opphevast, i sær setninga om oppdragarplikta for foreldre som vedkjenner seg til den evangelisk-lutherske religion. Grunnlovsparagrafane som regulerer Kongen sitt kyrkjestyre bør endrast. Plikta for Kongen etter § 4 til å "haandheve og beskytte" den evangelisk-lutherske religion bør opphevast, det same gjeld §12 andre lekk som bestemmer at "Af Statsraadets Medlemmer skulle over det halve Antall bekjende sig til Statens offentlige religion".

3. I kva for lov bør Den norske kyrkja vere forankra?

Odda kyrkjelege fellesråd står samla bak dette høyringssvaret:

Fellesrådet meiner at Den norske kyrkja bør vere forankra i Grunnlova. Eit argument mot ei rammelov er at dette vil innebere at Stortinget, avhengig av skiftande fleirtal, vil kunne vedta endra rammer for Den norske kyrkje gjennom alminneleg fleirtal. Ei grunnlovsending krev 2/3 fleirtal.

4. Korleis bør Den norske kyrkja finansierast?

Odda kyrkjelege fellesråd står samla bak dette høyringssvaret:

Den norske kyrkja bør finansierast ved offentleg finansiering utan medlemsavgift. Ein tilrår at kommunen sitt finansieringsansvar fell bort, og at den offentlege løyvinga kjem frå staten. Ein er bekymra for at ei finansiering gjennom medlemsavgift vil svekke folkekyrkja i Noreg, ved at økonomiske motiv held menneske borte frå kyrkja sine tenester. Det kan lett oppstå store skilnader mellom ressurssterke og ressursvake sokn. Finansiering ved medlemsavgift kan føre

til eit redusert kyrkjeleg tilbod i store deler av Noreg, og svekke ei landsdekkande kyrkje. Obligatorisk medlemsavgift kan føre til at Den norske kyrkja vert forstått som ei "foreiningskyrkje" og ikkje ei folkekyrkje.

5. Korleis bør valordningane og demokratiet vere dersom statskyrkjeordninga avviklast?
Odda kyrkjelege fellesråd står samla bak dette høyringssvaret:

Valordningane bør vere som i dag, med direkte val til sokneråda. Ein bør styrke soknet si stilling som grunneining i Den norske kyrkja. Sokneråda vel representantar til bispedømeråd, som er utsendingar til Kyrkjemøtet, som igjen vel Kyrkjerådet. Dersom fellesråd vert valde ved direkte val, vil dette kunne forsterka avstanden mellom sokneråd og fellesråd.

6. Dersom statskyrkjeordninga avviklast, kva bør i så fall stå i § 2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?

Odda kyrkjelege fellesråd står samla bak dette høyringssvaret:

Grunnlova bør ha ein paragraf som slår fast at det norske samfunnet skal byggje på det kristne og humanistiske verdigrunnlaget. Ein slik verdiparagraf kan samle og skape identitet, og kan leve i fleire generasjonar framover. Grunnlova bør også slå fast at Den norske kyrkje er ei evangelisk-luthersk kyrkje.

Eitt fellesrådsmedlem meiner at det i tillegg til prinsippet om religionsfridom i § 2 i Grunnlova, bør stå dei politiske prinsipp som statsforfatninga byggjer på; så som demokrati, rettsstaten og menneskerettane.

7. Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga?

Odda kyrkjelege fellesråd står samla bak dette høyringssvaret:

Kommunen bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga. Dette gjer det klart at gravferd er ei ålmenn oppgåve som bør ivaretakast av det offentlege. Kommunen er nøytral i høve til tru- og livssyn. Brukarar som ikkje er medlemmer av Den norske kyrkja kan oppleve det mindre problematisk å bli møtt av ein nøytral instans ved gravferd. Skiljet mellom dei juridiske og praktiske sidene ved gravferd og dei religiøse og seremonielle sidene vert tydelegare. Den norske kyrkja vert frigjort frå ei stor og ressurskrevjande oppgåve. Eit ikkje-kyrkjeleg organ vert klageinstans. Omgrepet kyrkjegard i lovverket bør erstattast av gravplass eller gravlund. Vigsling av heile gravlundar bør erstattast av vigsling av enkeltfelt for å gjere det klart at deler av gravlundene nyttast av fleire trus- og livssynssamfunn.

8. Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga?

Odda kyrkjelege fellesråd står samla bak dette høyringssvaret:

Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga. Dette samsvarar med innarbeidd luthersk tradisjon der sokna er grunneininga i kyrkja, med eit sterkt sjølvstyre. Lokalt eigarskap er eit viktig element i Den norske kyrkje som folkekyrkje, og eit viktig bidrag i det lokalkyrkjelege demokrati.

Kyrkjebygga er ofte eit produkt av stor lokal dugnadsinnsats, innsamlingar og gåver frå private. Kyrkjebygga er viktige identitetsmarkørar og symbolbygg lokalt, og ofte einaste monumentalbygg på staden, med ein sentral plass i kulturlandskapet.

Kommunen bør ha det økonomiske ansvaret for kyrkjebygga, føresett at staten fastset rammer for kommunen sitt ansvar på feltet, og at det etablerast statlege finansieringsordningar som tek ansvar for den store antikvariske meirkostnaden som vedlikehald og drift av desse bygga representerer. Dette vil medverke til ei nær binding og verdifullt samspel mellom kommune og kyrkje.

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: *Odda kyrkjelege fellesråd*

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Sjå høyringsvar.

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette *5 røyster*
- Bør avvikles *4 røyster*
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven *9 røyster - samrøystes*
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift *9 røyster - samrøystes*
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag *9 røyster - samrøystes*
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene *1 røyst*
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget *9 røyster - samrøystes*
 Det humanistiske verdigrunnlaget
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke *9 røyster - samrøystes*
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellestråd)
 Kommunen *9 røyster - samrøystes*
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret *9 røyster - samrøystes*
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Vet ikke / ønsker ikke å svare